



Det er berre dei færreste som held seg til fartsgrensa 50 km/t på Fylkesvegen forbi byggefelta Korsneset og Ospelunden.

Mange, som bur i byggefelta på begge sider av Fylkesvegen i Korsneset, er urolege for den høge farten på vegen og det etter at farten er redusert frå 60 til 50 km/t. Foreldre med born på skulen er bekymra og bed om status i arbeidet med å sikra ei trygg kryssing for å koma til gangvegen og til rett busslomme.

Trafikksikring i dette område har vore skrive om før, mange gonger. Eit av dei lova tiltaka er gjennomført. Det er redusert fart og nye skilt. Arbeid som er lagt til kommunen å gjennomføra let venta på seg.

Så langt vi kjenner til skal Kvinnherad kommune leggja til rette for i sikker kryssing av vegen ved opphøgd gangfelt. Vegljósrekka på inn vert forlengd med 150 meter.



[Kvinnherad kommune har lova ei trygg kryssing av vegen med mellom anna opphøgd gangfelt og betre ljós.](#)

Ei aksjonsgruppe har arbeidd lenge med trafikkisikring på staden. Underskriftsaksjonen var støtta av beburarane i begge byggefelt, av FAU på skulen og av Uskedal Utvikling.

No bed Aksjonsgruppa om status i saka og ventar tiltak straks i det nye året.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Monica Helen Sæle Kårstad/ Kristian Bringedal